

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/5064-1

Kontrollutvalet - Budsjett 2015/Økonomiplan 2015 – 2018, ny versjon**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet går inn for ei innsparing i budsjett 2015 med kr. 124 000 i høve til ramma. Innsparingstiltaka vert vurdert som kortsiktig tilpassing.
2. Kontrollutvalet gjer framlegg om budsjett for 2015/økonomiplan 2015 – 2018 for 410 Kontrollutval. Det er i saka fokus på budsjettåra 2015 og 2016. Økonomiplanarbeidet 2017 – 2019 vert gjennomført våren 2015.

Ansvar/ Funksjon	410 Kontroll- utval	Rekneskap 2013	Revidert budsjett 2014	Netto - budsjett 2015	Netto - budsjett 2016	Netto - budsjett 2017	Netto - budsjett 2018
110/41001	Kontrollutvalet	700 499	820 000	720 000	970 000	820 000	820 000
110/41002	Sekretariatet	1 021 017	1 039 000	1 039 000	1 039 000	1 039 000	1 039 000
110/41003	Tenestekjøp	2 612 384	2 556 000	2 531 000	2 625 000	2 625 000	2 625 000
SUM – 410 Kontrollutval		4 333 901	4 415 000	4 290 000	4 634 000	4 484 000	4 484 000

3. Budsjett og økonomiplan vert å sende til fylkesutvalet/finansutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

4. Kontrollutvalet går inn for utgreiing av konsekvensar for følgjande mogelege område for langsiktige innsparingar - 410 Kontrollutvalet.
 - a. Endring frå 5 til 3 representantar i kontrollutvalet
 - b. Kontrollutvalsmedlemmane vert valt frå fylkestinget sine medlemmer
 - c. Kontrollutvalsrepresentantane sin møtepraksis på fylkestinget og på politikardagar
 - d. Opplæring av kontrollutvalet
 - e. Tal møte i kontrollutvalet
 - f. Effektivisering av kontrollutvalssekretariatet
 - g. Selskapskontroll som eigarskapkontroll vert utført av sekretariatet
 - h. Rådgeving vert budsjettmessig overført frå kontrollutvalet til den eininga som nyttar tenesta
 - i. Overordna analyse vert gjennomført av sekretariatet
 - j. Omfanget av forvaltningsrevisjon

Vedlegg:

- Brev frå fylkesrådmannen – Oppfølging etter møte i finansutvalet 18. juni 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett/økonomiplan for 410 Kontrollutval. Denne tilrådinga vert vanlegvis sendt fylkesutvalet for innarbeiding i fylkesutvalet sitt samla framlegg til budsjett/økonomiplan. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til fylkestinget.

Det vert i år ei endring av prosessen. Etter samtale med FRM - økonomi vert det lagt opp til at det skal vere fokus på budsjettåra 2015 og 2016. Det skal synleggjerast om innsparing på kort sikt (2015 og 2016) er innsparingar som også vil ha ein effekt i eit lengre perspektiv, eller om det er innsparingar for det konkrete året. Det skal også synleggjerast om kortsiktige innsparingar er reversible.

Kontrollsjefen utarbeider budsjettforslag for 410 Kontrollutval, som omfattar budsjettmidlar for kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstenester. Budsjettforslaget vert lagt fram som sak for kontrollutvalet. Etter handsaming i kontrollutvalet vert budsjettet lagt inn i budsjettsaka som administrasjonen utarbeider til handsaming i fylkesutvalet, og til slutt fylkestingshandsaming.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det er viktig å innleiingsvis gjere merksam på at kontrollutvalet har eit oppdrag frå fylkestinget om å sjå til at den fylkeskommunale forvaltninga vert gjenstand for trygg kontroll og revisjon. Dette oppdraget medfører eit ansvar som ikkje vert redusert etter eventuelt reduserte inntekter til fylkeskommunen. Grunnlaget for oppdraget er fylkeskommunen sitt ansvar for tenester til innbyggjarane i fylket.

Ut frå eit kontrollsynspunkt er det naturleg å vurdere risikoen for at feil oppstår i den fylkeskommunale forvaltninga til å bli høgare når eit lågare inntektsnivå skal ligge til grunn for å få utført same oppgåver som tidlegare. Det er vidare naturleg å vurdere auka kontrollinnsats når risikoen vert høgare. Det er med andre ord ikkje naturleg å redusere kontrollinnsatsen når risikoen aukar som følgje av innsparingar i forvaltninga.

Kontrollsjefen vil i denne saka likevel peike på mogelege område som kan vurderast som innsparingsområde i 2015. Dette er kortsiktige innsparingar som ikkje utan vidare vil ha eit langsiktig perspektiv. Innsparingane som vert føreslegne for 2015 er knytt opp til at det er siste året i denne fylkestingsperioden. Innsparingane vil derfor ikkje ha verknad for det påfølgjande året, då vi vil få eit nytt kontrollutval på plass. Det er ikkje mogeleg på noverande tidspunkt å seie noko om kostnadsnivået til eit nytt utval. Innsparingar for 2016 vil derfor måtte bli vurdert i lag med langsiktige innsparingar for 410 – Kontrollutval.

Det vil også i saka vere vurderingar av område der mogelege innsparingar på lang sikt (2016 – 2019) kan vere aktuelle. I denne saka vert desse områda kun omtalt som alternative område. Etter kontrollsjefen si forståing av prosessen, vil det verte lagt opp til at utgreiingar og vurderingar av konsekvensane av desse innsparingsområda vil måtte kome på eit seinare tidspunkt. Prosessen er etter sekretariatet si oppfatning i samsvar med finansutvalet sitt vedtak 18. juni om budsjett 2015, 2016 og økonomiplan 2017 – 2019. I tillegg er prosessen diskutert med FRM økonomi.

Prosesen er lagt opp til at kontrollutvalet i denne saka får eit presentert ei rekkje område der kontrollsjefen tilrår område som kan vurderast i ei framtidig sak om langsiktig innsparing. Det er kontrollutvalet som ved gjennomgang av saka gjev tilråding til fylkestinget om kva område som kan leggest fram til vurdering.

I framlegget til vedtak er det nytta ein modell med budsjett 2015/økonomiplan 2015 – 2018, for å sikre lovmessig tilpassing.

Ansvar 110, Funksjon 41001 - Kontrollutvalet

Budsjett 2015

Kontrollsjef har teke utgangspunkt i revidert budsjett 2014. Pensjonsinnskot og arbeidsgjevaravgift er berekna etter gjeldande regelverk. Det er for 2015 forslag om å redusere kontrollutvalsmedlemmane sine reiseaktivitet på konferansar og liknande arrangement. Dette vil gje ei innsparing på om lag kr. 60 000, som fordeler seg på konferanseutgifter, reise/overnatting og dekking av tapt arbeidsforteneste. Det er i tillegg lagt inn reduksjon i kostnader til reiseverksemd for utvalsmedlemmane utanom det som er nemnt over på kr. 40 000. Innsparinga er gjort med tanke på at det er siste året til utvalet før nytt utval vert valt hausten 2015, og at denne innsatsen då kan reduserast utan at det vil få vesentlege konsekvensar for kontrollinnsatsen.

Kontrollsjefen foreslår slikt budsjett for kontrollutvalet for 2015/økonomiplan 2015 - 2018:

Kontrollutvalet	Rev. Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Løn og personalkostnader	490 000	437 000	490 000	490 000	490 000
Sum varer og tenester	330 000	283 000	330 000	330 000	330 000
Opplæring nytt utval			150 000		
41001 - kontrollutvalet	820 000	720 000	970 000	820 000	820 000

Innsparing på lang sikt

Det er derimot særskilt viktig at innsparinga for 2015 ikkje vert lagt inn som eit langsiktig tiltak. Innsparingstiltaka for 2015 er også reversible. Kontrollutvalskonferansane medlemmane deltek på er ein del av opplæringstiltaka til kontrollutvalet og er særskilt viktige fagleg sett. Her får utvalsmedlemmane eit fagleg påfyll gjennom fagleg relevante presentasjonar, der lovendingar, nyhende og erfaringar får andre er aktuelle tema. I tillegg har det enkelte medlem mogelegheit til å skaffe seg nettverk ved kjennskap til kontrollutvalsmedlemmar frå andre deler av landet, som er særskilt viktig i utøvinga av ombodet som kontrollutvalsmedlem. Det vert i desse fora delt erfaringar i forskjellige fylke og kommunar frå heile landet, og dette gjev ein tryggleik for utøving av rolla som kontrollutvalsmedlem.

Det er heilt avgjerande for eit godt kontrollutval å få tilbod om god opplæring!

Alternative område der innsparing kan vurderast på lang sikt:

1. Kontrollutvalet har i dag fem medlemmar. I kommunelova (KL) er det krav om minst tre medlemmar i kontrollutvalet. Ei endring frå fem til tre medlemmar er eit innsparingstiltak som kan vurderast.
2. I kommunelova står det at minst eit medlem i kontrollutvalet skal veljast blant fylkestinget sine medlemmar. KL legg ikkje avgrensing mot at fleire av kontrollutvalet sin medlemmar (heile utvalet) er fylkestingsmedlemmar. Dersom heile utvalet er valt blant fylkestinget sine medlemmar vil det bety ein innsparing i høve til dagens modell der kun ein av medlemmane sit i fylkestinget – ei innsparing her vil ikkje berre gjelde kontrollutvalet, men også på det øvrige på politiske nivå, i og med at det då vert færre medlemmar å fordele på dei andre utvala.
3. Kontrollutvalsrepresentantane sin møtepraksis i fylkesting og politikardagar
4. Opplæring av kontrollutvalet
5. Tal møte i kontrollutvalet

Områda som er nemnt over kan, etter kontrollsjefen si vurdering, vere område som kan inngå i ein prosess der kontrollutvalet skal vurdere fordelar og ulemper for å kunne gje tilråding til fylkestinget om eventuelle innsparingstiltak.

Ansvar 110, Funksjon 41002 - Kontrollutvalet sitt sekretariat

Budsjett 2015

Budsjett 2015 for sekretariatet er ei vidareføring av revidert budsjettet for 2014. Sekretariatet er kontrollutvalet sin administrative eining, som skal legge til rette for eit godt og trygt kontrollregime i fylkeskommunen. Sekretariatet v/kontrollsjefen er kontinuitetsberaren for kontrollutvalet, og er eininga som ivaretek overgangen frå eit politisk valt organ til eit nytt ved kvart fylkestingsval. Budsjettet til sekretariatet består av lønsmidlar, midlar til møte/konferansar og midlar til reiseverksemd som er nødvendig for å utøve rolla på ein god måte. Sekretariatet er i tillegg medlem i to interesseorganisasjonar, som arbeider for betre kontroll og tilsyn i kommunal sektor. Det er ikkje naturleg å argumentere for kortsiktige innsparingar som følgje av at det er siste året til det sitjande utvalet.

Kontrollsjefen foreslår slikt budsjett for sekretariatet for 2015/økonomiplan 2015 - 2018:

Sekretariat for kontrollutvalet	Rev. Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
41002 - sekretariatet	1 039 000	1 039 000	1 039 000	1 039 000	1 039 000

Innsparing på lang sikt

Kontrollutvalssekretærordninga er relativt ny i kommunal sektor. Ordninga såg dagens lys i 2004, og har sidan den gong vore i stadig utvikling. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) vart stifta i 2006, og er ein organisasjon som skal ivareta interessene til kontrollutvala og sekretariata. I tillegg til medlemskap i FKT er også sekretariatet i fylkeskommunen medlem i Norges kommunerevisorforbund (NKRF), som er ein interesseorganisasjon primert for kommunerevisorane, men som også har ei stor medlemsmasse blant sekretariata i kommunal sektor. Begge desse organisasjonane er aktive i å utvikle sekretariatstenesta i ei positiv retning, noko som har resultert i betre kontrollutvalsarbeid dei seinare åra. Eit kontrollutvalssekretariat, som er ein del av fylkeskommunen, vil vere med å utvikle kontrollutvalsfunksjonen. Aktiv nettverksbygging til andre sekretariat i kommunar og fylkeskommunar gjer at kontroll og tilsyn i kommunane vil bli styrkt.

Det vert i desse dagar gjennomført ei utgreiing av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), der ein mellom anna vil sjå på planlegging av kontrollutvala sitt arbeid og kva erfaringar utvala sit med. I tillegg skal tal sekretariat kartleggast. Arbeidsoppgåver og utgreiing av saker skal vurderast. Utgreiinga skal gjennomførast innan utgangen av oktober. KMD forventar sluttrapport 1. november 2014.

Fylkestinget vedtok i FT-sak 24/08 at kontrollutvalet skal ha eit eige sekretariat som er lagt til eit eige kontor direkte underlagt kontrollutvalet. Kontoret skulle ha ei heil stilling, og denne skulle vere underlagt kontrollutvalet si instruksjons- og omgjeringssmynde. Det kom også fram i vedtaket at kontrollutvalet har arbeidsgivaransvaret for den tilsette. Dagens kontrollsjef har hatt denne stillinga sidan vedtaket vart gjort gjeldande (01.01.09).

Tiltak som kan vere aktuelle å vurdere for å bidra til innsparing, kan vere:

1. Vurdering av effektivisering som kan resultere i tilførte oppgåver som utarbeiding av overordna analyser som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. Gjennomføring av eigarskapskontrollar kan vere aktuelt i tillegg til anna kontrollverksemd sekretariatet kan utføre utan at ein kjem inn på revisjonsarbeid, noko som etter forskrift om kontrollutval er ulovleg for eit sekretariat å utføre. Tiltaket kan gje innsparing av revisjonskostnader.
2. Sette sekretariatet ut på anbod. Uvisst om dette vil gje innsparing, då det viser seg at sekretariata som vi har mest samarbeid med - i fylkeskommunane på Vestlandet og Trøndelag har eit kostnadsnivå som stort sett ligg over kostnadane ved sekretariatet i vårt fylke.

Kontrollsjefen vil tilrå ei vurdering av pkt. 1, som går på vurdering av effektivisering av tenesta til sekretariatet. Pkt.2 er etter kontrollsjefen si vurdering ikkje like aktuell for vurdering på grunn av kostnadsnivået som er peika på i teksten over, at kontrollutvalet ved fleire høve har gjeve positive tilbakemeldingar om dagens sekretariatet si utøving av sin funksjon, sekretariatet sin nærleik og kjennskap til fylkeskommunen og fylkestinget sitt vedtak i 2008 der ein vedtok å

ha eit eige sekretariat for kontrollutvalet med argumentasjon om at kjøp av tenesta ville vere ei lite stabil ordning, og at det ville vere vanskeleg å kvalitetssikre tenestene.

Ansvar 110, Funksjon 41003 - Kjøp av tenester

Budsjett 2015

Kontrollutvalet skal som ein av sine oppgåver kjøpe revisjonstenester på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Revisjonstenestene omfattar både finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Budsjettpost for kjøp av revisjonstenester vert i neste års budsjett delt i to.

- A. Finansiell revisjon og selskapskontroll
- B. Forvaltningsrevisjon .

A. Finansiell revisjon og selskapskontroll i.h.h.t selskapsavtalen med SF revisjon IKS

Selskapsavtalen for SF revisjon IKS regulerer kva eigarane skal betale for finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag til selskapet.

Innspel frå SF revisjon IKS (Tlf.samtale 15.08.14 med dagleg leiar i selskapet) tilseier ein kostnad til attestasjon, rådgjeving, finansiell revisjon og selskapskontroll på om lag kr. 1 631 000 for 2015. Dette er ein auke på 4,5% i høve til 2014. Auken er på grunn av at Lærdal kommune har meldt seg ut av IKS-samarbeidet om revisjonsoppgåver. Budsjett - talet er noko usikkert fram til budsjettet for SF revisjon IKS vert endeleg vedteke i representantskapet 17. oktober. Kontrollsjefen rår til at kostnadsauken vert teke omsyn til i det vidare arbeid med budsjett 2015.

SF revisjon IKS sendte 14.08.14 ut varsel om tilbakebetaling til eigarkommunane og fylkeskommunen på bakgrunn av overskot i selskapet 2013. Tilbakebetalingsbeløpet til fylkeskommunen vert på kr. 317 833. Dette vil sannsynlegvis kome med i 2. tertialrapporten. Kontrollsjefen ser for seg at dette er midlar som kan nyttast til framtidige svingingar i revisjonskostnader. Dette må ein få kome tilbake til etter handsaming av tertialrapport 2/14. Tilbakebetalinga er ikkje med i budsjettbeløpa i denne saka.

B. Forvaltningsrevisjon

I følgje merknaden til § 9 i forskrift for kontrollutval har fylkestinget ansvar for å stille dei nødvendige budsjettmidlar til rådvelde slik at kontrollutvalet kan gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Kontrollsjefen rår til ein kostnadsreduksjon på kr. 94 000 for 2015, då ein ikkje skal gjennomføre overordna analyse dette året (det kjem først i 2016).

Oppsummering Kjøp av tenester

Kontrollutvalet har for 2014 hatt ei ramme på kr 2 556 000 til kjøp av revisjonstenester. Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å budsjettere kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2015 med kr. 1 631 000 (NB! Atterhald om at budsjettvedtak i representantskapet) og kjøp av forvaltningsrevisjon for kr. 900 000. Sekretariatet er av den oppfatning at kontrollutvalet med denne ramma vil ha eit akseptabelt beløp til rådvelde for kjøp av tenester i 2015.

Sekretariatet foreslår følgjande budsjett for kjøp av tenester for 2015/økonomiplan 2015 - 2018:

	Revidert budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Kjøp av tenester					
A. Finansiell revisjon /selskapskontroll	1 562 000	1 631 000	1 631 000	1 631 000	1 631 000
B. Forvaltningsrevisjon	994000	900 000	994 000	994 000	994 000
SUM Kjøp av tenester	2 556 000	2 531 000	2 625 000	2 625 000	2 625 000

Innsparing på lang sikt

Sogn og Fjordane fylkeskommune kjøper i dag finansiell revisjon og selskapskontroll av SF revisjon IKS. Fylkeskommunen betalar ein fast pris til selskapet akonto kvart år der finansiell revisjon, attestasjonar og administrasjonsoppgåver inngår. I akonto-beløpet som fylkeskommune betalar ligg det ein del timar som kan brukast til tenester som selskapskontroll og rådgjeving. Det som er lovpålagde tenester er finansiell revisjon, attestasjonar og selskapskontroll som eigarskapskontroll. Dei andre tenestene som rådgjeving og selskapskontroll som forvaltningsrevisjon er ikkje lovpålagde. Selskapskontroll som eigarskapskontroll kan utførast av andre enn revisor, f. eks. sekretariatet. Rådgjeving er eksempel på ei teneste som ikkje er kontrollutvalsrelevant, men som likevel inngår i det budsjetterte akontobeløpet frå SF revisjon til kontrollutvalet.

Konkurransetsetting av finansiell revisjon kan vere eit mogeleg innsparingsområde. Kontrollsjefen vurderer det slik at vi har ei god revisjonsordning, som leverer revisjon av høg kvalitet. Det er god kompetanse i SF revisjon IKS – ein kompetanse det er viktig å behalde i fylket. Det er også uvisst i kva grad ein kan få revisjonen gjort rimelegare enn i dag ved å gå ut i marknaden å etterspørje desse tenestene. Etter kontrollsjefen si vurdering vil det ikkje vere rett å rå til å konkurransetsette finansiell revisjon på noverande tidspunkt.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve, ref. kommunelova. Fylkeskommunen har i dag avtale med Deloitte AS for gjennomføring av forvaltningsrevisjon gjennom ein rammeavtale som vart inngått i 2013 med verknad til 2015 og der fylkeskommunen har opsjon på ytterlegare to år. Det har dei seinare åra vore budsjettert med ein fast sum til denne tenesta.

Det er lovpålagt for kontrollutvalet å utarbeide plan for selskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon. Begge planane skal leggast fram for fylkestinget, og begge planane skal utarbeidast på bakgrunn av ei overordna analyse, som i dag budsjettmessig ligg under forvaltningsrevisjon. Dette er ein teneste som sekretariatet kan utføre (lovmessig sett), og det er då mogeleg å gjere ei vurdering av kva det vil få av konsekvensar for framtidige budsjett.

Lova seier heller ingenting om omfanget av forvaltningsrevisjon, men peikar på at fylkeskommunen skal vere gjenstand for årleg forvaltningsrevisjon. I fylkeskommunen vår, til liks med andre samanliknbare fylkeskommunar gjennomfører vi tre til fire forvaltningsrevisjonar årleg. Dette er eit nivå som fylkestinget har gått inn for i dei budsjett og planar som er vedtekte for arbeidet i kontrollutvalet. Det må vere opp til kontrollutvalet og fylkestinget å gjere dei nødvendige vurderingar av omfanget av forvaltningsrevisjon.

Tiltak innanfor revisjon som kan vere aktuelle å vurdere for å bidra til innsparing kan vere:

1. Selskapskontroll som eigarskapskontroll vert utført av sekretariatet
2. Rådgjeving vert budsjettmessig overført frå kontrollutvalet til den eininga som nyttar tenesta
3. Overordna analyse som vert gjennomført av sekretariatet
4. Omfanget av forvaltningsrevisjon

3. Konklusjon

Budsjettforslaget for 2015 vil ut frå dette bli følgjande:

<i>Ansvar</i>	<i>Funksjon</i>	<i>Budsjett 2015</i>	<i>Endring frå budsjett 2014</i>
110	41001 Kontrollutvalet	720 000	-100 000
110	41002 KU sitt sekretariat	1 039 000	0
110	41003 Kjøp av tenester	2 531 000	-25 000
	Sum	4 290 000	-125 000

Kontrollsjefen legg opp til kontrollutvalet vedtek sitt eige budsjett for 2015, og sender det vidare for innarbeiding i budsjett som skal leggast fram for fylkestinget i haust.

Når det gjeld innsparing i eit meir langsiktig perspektiv, vert det opp til kontrollutvalet å vurdere tilrådinga frå kontrollsjefen for så å gje ei tilråding til fylkestinget om dei moglege innsparingstiltak som kan vurderast i ei sak som utvalet vil få til handsaming i løpet av hausten 2014/våren 2015.